

Fra: Anngunn Marie Gullbrå <anngunn.gullbra@alver.kommune.no>

Sendt: 04.05.2022 15:45:46

Til: Sindre.ellefsen@kartverket.no

Emne: Vedr reseksjonering 137/779 i Alver kommune - Dykkar ref. 20713852

Hei

Viser til tlf-samtale vedr returbrev / mangelbrev for tinglysing av reseksjonering av 137/779.

Kan du ev vidareformidla spm under til jurist, dersom du ikkje kan svara på dette sjølv, då?

Returgrunn er at matrikelnummer ikkje skal brukast på nytt og at det må tildelast nye seksjonsnummer til 12 av dei 20 seksjonane som var plassert feil på byggeteikningane ved førstegangs seksjonering. (I matrikkelen var desse (feilaktig) registrert rett etter slik dei var solgt m rett bustadnummer og adresse). Då teikningane var feil- vart også eigarbrøken som var ført feil. Slik kommunen såg det, var saka då berre å byta til «rette» teikningar som viser rette plasseringa av seksjonane- slik dei også var registrert i matrikkelen, og å endra brøkane som då også var feil.

Dersom tinglysingen held fast på kravet om nye seksjonsnummer for desse 12 seksjonane, er det då nok å føre inn dei nye nr i kolonne 2 i Vedlegg 4 Endring av seksjoner, og påføra dei nye seksjonsnummera på teikningane? Må dette godkjennast at seksjonseigarane?

Vil heimelshaver og panthavar automatisk verte overført til nye seksjonsnummer?

Er også litt usikker på korleis utføre dette i matrikkelen, men det må me vel finna ut av.

Er det noko meir me må huske på?

Med helsing

Anngunn Marie Gullbrå | Avdelingsingeniør Kart og Oppmåling

Telefon: +47 56 17 11 81

Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

www.alver.kommune.no



ALVER
KOMMUNE